



Arkivnr: 2015/11453-67
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		16.02.2017

Løyve til å søkje NOKUT om godkjenning av fagskuletilbodet CNC og Robotteknologi

Samandrag

Fagskolen i Hordaland har etter tidlegare vedtak i fagskulestyret (13.03.2014) utarbeidd eit tilbod innan CNC og robotteknologi. Fagskolen har søkt NOKUT om godkjenning før, men fekk avslag og har no gjort endringar i studieplanen i tråd med tilbakemeldingane frå sakkunnig komité hjå NOKUT. Fagskolen i Hordaland vil med løyve frå styret på nytt søkje NOKUT om godkjenning for tilbodet innan fristen 01.03.2017. Bakgrunnen for utviklinga av tilbodet er eit hovudprosjekt under Innovasjon Norge som CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland har etablert. Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering, og miljøet er langt framme i høve til automatisering/robotisering.

Forslag til vedtak

1. Fagskolen i Hordaland vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om godkjenning for tilbodet CNC og robotteknologi, heiltid og deltid med nettstøtte, ved studiestaden Nordnes.
2. Rektor vert delegert mynde til å gjere mindre endringar i studieplan før søknadsfrist 01.03.2017.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Studieplan CNC og Robotteknologi

Fylkesrådmannen, 31.01.2017

Fagskolen i Hordaland har etter tidlegare vedtak i fagskulestyret (sak PS 15/2014, 13.03.2014) utarbeidd eit tilbod innan CNC og robotteknologi. Fagskolen har søkt NOKUT om godkjenning før, men fekk avslag og har no gjort endringar i studieplanen i tråd med tilbakemeldingane frå sakkunnig komité hjå NOKUT (revidert studieplan ligg som vedlegg til saka).

Fagskolen i Hordaland vil med løyve frå styret på nytt søkje NOKUT om godkjenning for tilbodet innan fristen 01.03.2017. Bakgrunnen for utviklinga av tilbodet er eit hovudprosjekt under Innovasjon Norge som CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland har etablert. Både Fagskolen i Hordaland og Høgskulen på Vestlandet har vore del av prosjektet for å utvikle tilbod både på fagskule og på høgskule.

Hordaland har eit av dei sterkaste miljøa i landet innan CNC-maskinering. Miljøet er langt framme i høve til automatisering/robotisering. Mange av aktørane er knytt til den maritime klynga og offshoreklynga, men det er også fleire andre aktørar. I Hordaland er det stor mangel på CNC- og robot-operatørar, og så godt som ingen tilgang på nytt personell med fagskuleutdanning, bachelor og master på fagfeltet. Fagskolen i Hordaland har utvikla tilbodet i nært samarbeid med næringa.

Fagskuletilbodet innan CNC og robotteknologi er tenkt å vere lokalisert på studiestaden Nordnes, med utdanningsform på både heiltid og deltid med nettstøtte. Tilbodet er to-årig med 120 faskulepoeng.

På bakgrunn av saksutkastet og vedlagt studieplan for CNC og Robotteknologi vil administrasjonen ved opplæringsavdelinga tilrå at Fagskolen i Hordaland vert gjeve løyve til å søkje NOKUT om godkjenning.